

SAMMEN
OM



Miljøløftet

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Vestland fylkeskommune
Kopi:

Vedlegg 4

Saksbehandlar/telefon:
Torill Klinker / 90899261
Vår dato: 15.01.2026

Sak 14/26

Bruk av post 66 regjeringas bompenggeavtale - tilskot til betre kollektivtilbod for året 2026

Bakgrunn

Denne saka er ei oppfylging av tidlegare saker i styringsgruppa, mellom anna møtet den 12. mars 2025 der *Bruk av post 66 regjeringas bompenggeavtale - tilskot til betre kollektiv* vart handsama under sak 20/25. Følgjande vedtak vart fatta:

Vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2025 (134,1 mill.) vert nytta direkte til Bybanen, som vist i saksgrunnlag. I tillegg fremma kommunane Bjørnafjorden, Alver, Øygarden og Askøy følgjande protokollmerknad: «Desse medlemmene viser til tidlegare diskusjonar i styringsgruppa knytt til prinsippet om at desse midlane til betring av kollektivtilbodet har vore øymerkt bybanen. I påvente av utbygging av BT5 for bybanen til Åsane har det vore drøfta om midlane ville gitt betre effekt på nullvekstmålet om dei vart nytta til ekstra kollektivsatsing (buss) i Bergensområdet. Det var ei forventning om at dette prinsippet skulle vurderast ved fordeling av midlane i 2025, men i sak 20/25 er det ikkje lagt opp til ei slik vurdering. Desse medlemmene ber om at det blir lagt opp til ei slik vurdering i arbeidet med fordeling av midlane for 2026.»

Gjennom byvekstavtalen vert Bergensområdet tildelt 136 mill. kr. for 2026 over post 66, tilskot til betre kollektivtilbod. Styringsgruppa i Miljøløftet har avgjort at midlane skal nyttast til *Bybanen*, utan nærare konkretisering. Midlane skal konkretiserast årleg, og nyttast i løyvingåret. I avtalen er det presisert at det er ein føresetnad for tildeling av dette auka tilskotet at nullvekstmålet blir nådd.

Prosjektet *Bybanen til Åsane* no er i gong og har behov for midlar. Midlane som vart tildelt gjennom bompengeforliket, kan difor nyttast i tråd med intensjonen. Utbygging av bybane er det prosjektet i portefølja som gjev høgast mål oppnåing. Partane i Bypakke Bergen vurderer difor at det ikkje er rom for å opne for alternativ bruk, som skildra i referatet frå 12. mars 2025, der fleire av partane etterlyste ei auka kollektivsatsing (buss) i Bergensområdet.

Vestland fylkeskommune har no utarbeida framlegg til bruk av midlane for 2026, totalt 136 mill. For fylkeskommunen er det svært viktig å nytta dei statlege midlane slik at dei sikrar naudsynt behov for Bybanen og samstundes ivaretek god risiko- og økonomistyring.

På bakgrunn av dette foreslår fylkeskommunen at ein i 2026 nyttar midlane slik:

Tiltak	2026
KDP Vest Planmidlar til Bergen kommune sitt planarbeid med kommunedelplan Vest, som skal fastlegga framtidig bybanetrase til Dokken – Laksevåg – Lyngbø. Dette vil sikra naudsynt framdrift på vidare planlegging av bybanenettet i Bergen, og sikra naudsynt kapasitetsauke i kollektivsystemet på lang sikt.	6,5
Førebuande arbeid og personellressursar knytt til planlegging av BT5 For året 2026 (og 2027) krev reguleringsplanarbeidet ein ekstraordinær innsats både for Bergen kommune og Vestland fylkeskommune, og det er ei rekke arbeidsoppgåver i direkte tilknytning til Bybanen som må planleggjast og gjennomførast. Det er difor behov for midlar til mindre tilretteleggingstiltak, samt å sikra kritisk kompetanse i dette arbeidet. Midlane vert fordelt mellom Bergen kommune (6 mill.) og VLFK (6mill.)	12
Prosjekt for innkjøp nye bybanevoggar Stadler, som er leverandør av dagens bybanevoggar, har avslutta produksjonen av tilsvarande vognmateriell. Samstundes er lettbanemarknaden smalt og marknadsmessig krevjande ettersom det føreligg fleire store leveransar til andre storbyar i Europa, noko som har forlenga leveringstid på nytt vognmateriell til kring 4-5 år (frå inngåing av kontrakt). Det pågår no arbeid med etablering av teknisk spesifikasjon, underlag kontrakt, innsikt i marknadssituasjon, vurdering av vognmodellar/ leverandørar, dette vil vera heilt avgjerande for å sikra ein raskast mogleg oppstart og gjennomføring av innkjøpsprosess når behovet er fastsett. (Prosjektet har eit samla behov for 30 mill. Vestland fylkeskommunen vil ha behov for dei resterande 15 mill. i 2027.)	15
Redusert uttak av bompengar For å ivareta god risiko- og økonomistyring er det ynskjeleg å nytta minst mogleg bompengar til BT5 inntil prosjektet har garantiar om statleg finansiering. Det er i staden hensiktsmessig å redusera uttaket av bompengar, ref sak i styringsgruppa for Bypakke Bergen den 12.03.2025 der det vart vedteke at det kan nyttast inntil 640 mill. i bompengar for perioden 2025 – 2027 til regulering, prosjektering og grunnverv av Bybanen BT5. Gjelda i Bypakke Bergen var på 3,85 mrd. pr 30.09.2025. Høge låne- og finansieringskostnader gjer det gunstig å redusera uttak av bompengar når ein har moglegheit til det.	102,5
Sum	136

Fylkeskommunen vil koma attende med sak om konkretisering av bruken av midlane for 2027 i løpet av 2026.

Forslag til konklusjon

Prioriteringsrådet sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2026 (136 mill.) vert nytta som vist over. Saka vert lagt fram for styringsgruppa for endeleg vedtak.